




# Konfirmant





Øygarden kyrkjelege fellesråd © 2022 | Trykk: Bodoni  
Illustrasjonsfoto: pixabay.com, unsplash.com  
Layout, illustrasjon og foto: Yngvild Mørner Sørheim

# Velkommen som konfirmant!



I handa di held du konfirmantheftet til Fjell, Foldnes og Landro kyrkjer. Dette heftet vil følgje deg gjennom konfirmantåret. Her finn du korte tekstar til å lese, plass til å skrive ned dine eigne tankar, oppgåver å løyse og mange små "drypp" frå Bibelen.

Samlingane i kyrkja er meint til å gi deg ei oversikt og sette ting i samanheng. For vi kan ikkje gjøre meir enn å gi ein smaksprøve av alt det den kristne trua inneheld. Bibelen, Jesus, trua di – dette er noko du kan studere eit heilt liv og framleis finne noko nytt.

Eg håpar at konfirmantåret kan vere eit godt og viktig steg på denne vegen. At du får ord til å uttrykkje trua di, redskap som gjer at du kan finne ut meir på eiga hand, erfaringar som gjer at kyrkja blir ein plass du kjenner deg heime i og gode opplevelingar du kan ta med deg vidare i livet.

Men aller mest at du blir betre kjent med Jesus. Han som elsa deg så høgt at han døydde og stod opp for di skuld.

Med ønske om eit strålande konfirmantår!

*Beate*

Konfirmantsjef og redaktør

# Å vere konfirmand

Leir, kvit kappe, presten, gåver, kyrkja, bibel, familieselskap, sosialt, interessegruppe, venner, T14, gudsteneste.

Men òg nye tankar og spørsmål, nye erfaringar, gamle ord i ei gammal bok som er like viktige i dag.

På desse samlingane vil du få lære meir om kven Gud er, kva det betyr å vere døypt, korleis du kan be, kva nattverden er og kva som skjer på ei gudsteneste.

Men mest av alt skal du få lære om Jesus. Om kva Bibelen fortel om han, og kva som skjedde då han døydde og stod opp igjen for at du skal få eit evig liv saman med han.

## Kva trur du?

Kva trur du blir det beste i år?

Er det noko du gruar deg til?

Kvífor vil du vere konfirmand? Skriv 1, 2 og 3 i rutene der 1 er din viktigaste grunn:

- Fordi alle andre gjer det
- Fordi eg er døypt
- For å få gåver/pengar
- Fordi nokon i slekta vil det
- For å lære meir om trua
- Fordi eg trur på Jesus, og er kristen
- For å ha det gøy
- For å bli kjent med nye folk

# Du er elska!

Viss Gud hadde eit kjøleskap,  
ville ei teikning av deg hengt der.

Viss Gud hadde ei lommebok,  
ville det ha vore eit bilde av deg i den.

Gud sender deg blomar kvar vår  
og ein soloppgang kvar morgon.

Når du vil snakke, lyttar han.

    Han kan velje å bu  
    kvar som helst i universet,  
    men han vil bu i hjartet ditt.



# Bibelen


Ordet "bibel" kjem frå det greske ordet "biblia" som betyr, ja nettopp: Bibliotek. Og namnet er ikkje så rart. Bibelen er i praksis eit bibliotek med 66 ulike bøker.

Her finn du brev, diktsamlingar, historie, slektstre, profetiar, forteljingar, lovsamlingar og songar. Du får møte kongar og tiggjarar, fiskarar og slavar, profetar og misjonærar, men først og fremst ein snekker ifrå Nasaret.

Bibelen har to delar. Først kjem Det gamle testamentet. Denne skrifa handlar om korleis verda blei skapt og historia til Israelsfolket, frå Abraham (over 2000 f. Kr) til profeten Malaki (ca. 500 f. Kr.) Bøkene er samla og nedskrivne av mange ulike menneske gjennom over tusen år.

Det nye testamentet byggjer vidare på Det gamle testamentet. Det fortel om Jesus og om dei første kristne. Bøkene blei til over eit tidsrom på ca. 50 år, og er skrivne av menneske som kjente enten Jesus eller nokre av dei første disiplane hans.

## Korleis finne fram i Bibelen?




### Luk 24, 6



(I innhaldslista fremst i Bibelen ser du sidetalet der boka startar.)

For at det skal vere lettare å finne det du vil lese i Bibelen, er alle bøkene delt inn i kapittel og vers. Det store talet øverst i avsnittet er kapittelet, og dei små tala i teksten viser versa.

På den måten kan alle finne den same teksten, uansett kva språk eller oversetjing av Bibelen dei har.




Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min sti.

Sal 119,105

# Bibelkryssord

- 1 - Matt 7,12:**  
Alt de vil at ... skal gjera
  - 2 - Matt 3,1:** På ... tida
  - 3 - Mark 1,16:** Broren til Andreas
  - 4 - Joh. 1,29:** Jesus blir kalla Guds ...
  - 5 - Det siste brevet til  
Paulus var til ...**
  - 6 - Sal. 23,4:** Din kjepp og din ...
  - 7 - 1 Tim 6,19:**  
Slik ... dei seg ein skatt
  - 8 - Sal 85,12:**  
... skal spira opp frå jord
  - 9 - Apg. 9,10:** Her budde Ananias
  - 10 - Matt. 7,7:** ... så skal de få.
  - 11 - Joh. 12,1:** Lasarus budde i ...
  - 12 - Ef. 1,1:** Brev til dei kristne i ...
  - 13 - Kol. 4,14:** Namnet på legen
  - 14 - Har skrive flest bøker i Bibelen**





# Som barn i ditt hus

Som barn i ditt hus  
har vi hver og en ett sted,  
der vi kan søke ditt ansikt,  
og du gir oss av din fred.  
Så møtes vi her i din store faderfavn.  
Du lar oss juble og glede oss  
når vi er samlet i ditt navn.

Refreng:  
Du har lovet å være til stede  
for å dele vår sorg og vår glede.  
Gi oss vilje og mot til å leve,  
Herre, som barn i ditt hus.

Som barn i ditt hus  
gir du rom for alt vi er.  
Vi har vår styrke og svakhet.  
Midt i alt er du oss nær.  
Du samler oss nå  
til bønn og lovsang rundt ditt bord.  
Og vi skal gå med din kjærighet  
ut til alle folk på jord.

Refreng  
Vi ber for din kirke  
Vi ber for hverandre  
Vi ber for vår verden  
Velsign oss du vår Gud

Refreng

# Kyrkja mi

## ► Kva er kor i kyrkja?

Her er namn på noko av det du finn i kyrkja. På teikninga ser du mange tal.  
Kan du finn ut kva tal og ord som høyrer saman?

Skriv talet:       = rom       = ting

# Gudstenesta

**Samling:** Gudstenesta startar med at vi får flytte fokuset vårt over på Gud og det han ønsker å seie oss. Vi kan legge frå oss alt det som vi vanlegvis tenker på og bekymrar oss over.

**Dåp:** På mange av gudstenestene er det dåp. Gjennom dåpen får du trua og Guds tilgjeving i gave. Du blir teikna med eit korsmerke, for å vise at du høyrer til hos Jesus.

**Ordet:** Gjennom tekstlesing og preike får vi høre Guds ord frå Bibelen og Guds bodskap til oss.

**Bønn:** Som oftast er det presten som ber bønnene høgt, men nokre gonger er det bønnevandring. Gud har lova at han vil høre når vi ber.

**Nattverden:** Det du får ser lite ut, men i nattverden får du meir enn det du ser. Presten seier "Dette er Jesu kropp" og "Dette er Jesu blod", og du får ta imot Guds tilgjeving og kjærleik.

**Utsending:** Heilt til slutt i gudstenesta blir vi sendt ut med ei velsigning frå Gud. Vi går frå kyrkja, men tar Gud med oss ut i kvardagen og den nye veka.

 Kva trur du?

Kva syns du er det finaste på ei gudsteneste?

Kva ville du helst forandra på?



# 5 tips og råd til gudstenesta

## 1 La mobilen ligge i lomma

...og earpods i etuinet sitt. Ha heller fokuset ditt på det som skjer i kyrkja.

## 2 Delta på det som skjer

Syng med på songane, bli med på felles bønner,  
delta på bønnenvandring og følg med på det som blir sagt.

## 3 Vis hensyn til dei andre i kyrkja

Ha beina på golvet. Bruk baksida av lappen viss du vil skrive eller teikne.  
Hugs at snakking og fnising kan vere veldig forstyrrande for dei som sit rundt deg.

## 4 Hugs å levere lappen når gudstenesta er over

Den kan du gi til presten, konfirmantlærar eller kyrkjetenar.

## 5 Bli med på kyrkjekaffien!

Der får du både noko godt å bite i – og ein mulighet til å vere sosial.



# Kyrie og gloria

## Kyrie

Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg.  
Kriste eleison. Herre Krist, miskunna deg.  
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg.

## Gloria

Ære vere Gud i det høgste  
og fred på jorda blant menneske  
som Gud har glede i.  
Vi lovar deg, vi prisar deg,  
vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.  
Amen.

# Kven er Gud?

► Kva trur du?

Sett ring rundt dei orda du syns beskriver Gud og kryss ut dei du ikkje syns passar inn.

Svak      *Kreativ*      **Beskyttande**      Feig

Fantasifull      **ONDSKAPSFULL**      **STERK**

Streng      *Gammaldags*      *Sovande*

Vond      Rettferdig      Logisk

*Mor*      Kunstnarisk      **VIKTIG**      Far

Diktator      Oppfunnen      Gammal

Aktiv      *Kjærleksfull*      **Sint**

Omsorgsfull      Likegyldig      **Mektig**

Påliteleg      Urettferdig      **God** .....

Eg trur på Gud Fader  
den allmektige som  
skapte himmel og jord.

Truvedkjenninga





## Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda  
slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld,  
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.  
Og lat oss ikkje koma i freistung,  
men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt  
og makta og æra i all æve.

Amen.

Matt 6, 9-13

# Bønn

Har du nokon gong bedt ei kveldsbøn, lest "Vår Far" på ein gudsteneste eller sunge for maten? Alt det er å be.

Du kan be på mange forskjellige måtar. Du kan lese bøner andre har skrive eller synge songar, tenne lys eller bære stein. Du kan be stille inni deg eller høgt. Du kan spørje nokon om å be for deg. Gud høyrer alltid når vi ber.

Å be er ikkje å legge inn ei ønskeliste med alt det du har lyst på eller skulle ønske var annleis. Bønn er å snakke med Gud.

Du kan fortelle Gud korleis du har det, enten du er glad, sint, trist, einsam, lykkeleg eller rasande. Du treng ikkje ha dei perfekte orda eller det rette tonefallet.

Då Jesus skulle lære disiplane sine å be, lærte han dei den bøna vi no kallar "Vår Far". Jesus ville ikkje at vi skulle be til ein fjern gud, men til ein som kjenner deg betre enn din eigen pappa. Då er det så viktig om du klarar å seie ting på rett måte: Gud kjenner deg og forstår kva du meiner.



Kva bønner kjenner du til?

 Bibeloppgåve

Les bibelversa. Kva bilder brukar Jesus for å fortelje korleis Gud er?

Matt 13, 31-32:

Matt 6, 28-30:

Luk 15, 4-7:

Matt 18, 1-5

Joh 14, 2-3

Sjå kor stor kjærleik  
Far har synt oss:  
Vi får kallast Guds barn,  
ja, vi er det!

1. Joh 3,1



# Vær meg nær

Vær meg nær å Gud, vær meg nær! x3  
Å Gud, vær meg nær.

Når jeg gråter, Gud, vær meg nær! x3  
Å Gud, være meg nær.

Når jeg synger, Gud, vær meg nær! x3  
Å Gud, vær meg nær!

Når jeg ber til deg, vær meg nær! x3  
Å Gud, vær meg nær!

# Eg trur på Jesus Kristus

Guds einborne Son, vår Herre,  
som vart avla ved Den Heilage Ande,  
fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,  
fór ned til dødsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dagen,  
fór opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Gud,  
den allmektige Fader,  
skal koma att derifrå  
og døma levande og døde.

Truvedkjenninga



# Kan han vere Messias?

Overalt der Jesus reiste, fekk menneske snudd liva sine opp-ned. Dei møtte ein mann som gjorde eit ekstremt inntrykk på dei.

Som kvenna ved brønnen. Ho skulle berre ut for å hente vatn. Lite visste ho at ho skulle møte ein mann som forandra heile livet hennar.

Eller Sakkeus. Etter berre nokre få timer saman med Jesus, gjekk han frå å vere ein grisk og uærleg pengeinnkrevjar, til å gi alle pengane sine til dei fattige.

Eller Paulus, som møtte Jesus i eit syn. Han gjekk frå å arrestere dei kristne, til å bli ein av Bibelens største misjonærar.

Og Peter, som satt ved fiskebåten sin og reparerte garn då Jesus kom. "Følg meg!" sa Jesus. "Så skal eg gjere dykk til menneskefiskarar." Då Peter følgde Jesus, gjekk han frå å vere ein enkel fiskar, til å bli leiaren for Jesu disiplar – og etterkvar den øvste leiaren i heile den kristne kyrkja.

Nå er det 2000 år sidan Jesus gjekk rundt på jorda. Men han forandrar framleis hjarta og liva til menneska som møter han.

Korleis kan dette skje?



Kva ville du spurt Jesus om viss du hadde møtt han?

VEGEN SANNINGA LIVET VINTREET LYSET I VERDA DEN GODE GJETAREN LYSET LIVETS BRØD OPPSTODA OG L I V E T MED ALLE DAGAR PORTEN VEGEN SANNINGA LIVET	SANNINGA VEGEN LIVET LYSET LYSET I VERDA VINTREET PORTEN DEN GODE GJETAREN VINTREET LIVETS VEGEN BRØD LYSET I VERDA MED DYKKALLEDAGAR OPPSTODA OG LIVET SANNINGA LIVET	VEGEN SANNINGA LIVET VINTREET LYSET I VERDA DEN GODE GJETAREN LYSET LIVETS BRØD OPPSTODA OG L I V E T MED ALLE DAGAR PORTEN VEGEN SANNINGA LIVET	VEGEN SANNINGA LIVET LYSET I VERDA VINTREET OPPSTODA DEN GODE OG LIVET GJETAREN VINTREET LIVETS BRØD LYSET OPPSTODA OG LIVET MEDDYKK DEN GODE A L L E GJETAREN DAGAR OPPSTODA PORTEN SANNINGA
--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## ► Bibeloppgåve

Slå opp desse sju bibelversa, der Jesus samanliknar seg med 6 forskjellige ting som viser kven han er:

Joh 6,35: Eg er

Kva bilde liker du best?

Joh 8,12: Eg er

Kvifor?

Joh 10,7: Eg er

Joh 10,11: Eg er

Joh 11,25: Eg er

Joh 14,6: Eg er



# En krybbe var vuggen

En krybbe var vuggen som ventet ham her,  
det lille barn Jesus, vår Frelser så kjær.  
Men stjernene lyste helt inn der han lå,  
det lille barn Jesus, på leiet av strå.

Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.  
Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.  
Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik,  
men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.

Fra krybben til korset gikk veien for deg,  
slik åpnet du porten til himlen for meg.  
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,  
så alle kan samles i himlen hos deg!

# Jesus og påska

► Kva skjedde dei ulike dagane?



Palmesøndag



Skjærtorsdag



Langfredag



Påskedag





# Frå livredde til frimodige

Det er fredag. Jesus er død. Alle disiplane hans har enten gøymd seg eller nektar for at dei kjenner han. Pilatus har sett væpna soldatar framføre grava hans. Ingen skal få stele kroppen til Jesus, for så å seie at han har stått opp!

I Jerusalem er det påske. Og i alle hus i byen blir påskelammet slakta. Eit minne om lamma som blei slakta i Egypt, for at dødsengelen skulle gå forbi, 1000 år tidlegare.

Men Jesu venner feirar ikkje påske dette året. Dei sørger. Over ein ven og lærar som er død. Heilt stille - i skjul. For kva vil skje viss folk oppdagar at dei er Jesu venner?

Men søndag morgen er alt snudd opp ned!

Fleire av kvinnene går til grava, men Jesus er ikkje der! I staden møter dei ein engel som seier: "Han er ikkje her, han har stått opp!" Og dei får sjå Jesus levande igjen. Prate med han, ete med han, kjenne på såra i hendene hans etter korsfestinga.

Og disiplane, som var livredde på fredag, får nytt mot. Dei går frå å gøyme seg bak låste dører, til å frimodig fortelje om Jesus Kristus, Guds son, Frelsaren.

# Nattverd

Nattverden er eit av kyrkja sine sakrament, som er ei heilag handling. Dette måltidet er eit fellesskap for alle som trur på Jesus.

I nattverden får vi noko synleg: brød og vin. Samtidig får vi noko usynleg: Jesus er til stades i nattverden. Han gav livet sitt for oss, og i nattverden får vi del i Jesu liv, død og oppstode.

Når vi feirar nattverd, gjer vi det både for å minnast det som Jesus gjorde i påska. Men òg for å seie: Vi trur at dette er sant, at det faktisk skjedde og at det gjeld i dag.

I nattverden kan vi, heilt synleg og konkret, ha fellesskap med Gud. Men vi har òg fellesskap med kvarandre. Rundt nattverdringen møter vi kjende og ukjende, venner og uvenner. Vi et alle frå det same brødet, drikk den same vinen. Vi får alle tilgjeving og ein sjanse til å starte på nytt.

Men fellesskapet i nattverden er større enn det vi ser. For i kyrkja er det berre ein halv ring. Med oss i ringen, i fellesskapet, er òg dei vi ikkje ser. Alle kristne i verda; både dei som lever nå, dei som har levd før og dei som kjem til å leve seinare.

## Kva trur du?

Kvífor trur du nattverden er så viktig for kristne?

Kva lurar du på om nattverden?

Korleis synest du det er å gå til nattverd?



Så tok Jesus eit brød, takka og braut det, gav dei og sa: "Dette er min kropp, som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg." Like eins tok han begeret etter måltidet og sa: "Dette begeret er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk."

Luk 22, 19.20

► Kva ord syns du passar om nattverden?

Heilag

Kjedeleg

Herleg

Spanande

Rart

Uinteressant

Mystisk

Viktig

Skummelt

Ankleis

# Deg være ære

Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven,  
se, en engel kom,  
åpnet den stengte graven,  
Jesu grav er tom!

Refreng:  
Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være  
Kristus underlagt.

Se, Herren lever!  
Salig morgenstund!  
Mørkets makter bever.  
Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger:  
Frelseren er her!  
Pris ham, alle tunger,  
Kristus Herre er!

Refreng

Frykt ikke mere!  
Evig er han med.  
Troens øye ser det:  
Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære,  
seier er hans vei,  
evig skal han regjere,  
aldri frykter jeg.

Refreng



Eg trur på Den heilage ande,  
ei heilag allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage,  
forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen  
og det evige liv.

Truvedkjenninga



# Pinse

Før Jesus fór opp til himmelen, lova han disiplane at han skulle sende dei "Talsmannen". Han skulle lære dei alt, og minne dei om kva Jesus hadde sagt dei.

På pinsedagen var alle disiplane samla i Jerusalem. Dei fekk ei heilt uvanleg oppleving. Inni huset høyrdde dei ein lyd, akkurat som ein sterk vind. Og dei kunne sjå ildtunger over hovudet på kvarandre. Det var Den heilage ande! Og dei blei plutselig fulle av mot, slik at dei torde å fortelle om Jesus til andre.

Pinsedagen blir rekna som kyrkja sin fødselsdag. Då gjekk den kristne kyrkja frå å vere ei lita gruppe redde disiplar, til å romme over 3000 menneske.

Heilt sidan pinsedagen har folk blitt gripne av det dei har høyrt, og ønskt å dele dette vidare. Slik har ordet om Jesus spreidd seg ut til heile verda; óg til oss i dag.

Kvar gong Bibelen blir omsett til eit nytt språk, er det fleire folk som får oppleve det same som på pinsedagen: "Gud snakkar mitt språk".

Jesus sa: "Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står."

Matt 28, 18-20



# Dåpen

Nikodemus kom for å snakke med Jesus i skjul, midt på natta. Han ville så gjerne forstå det Jesus snakka om. Han fekk eit merkeleg svar: "Den som ikkje blir født på nytt, kan ikkje sjå Guds rike."

Hæ? Korleis kan Nikodemus, ein vaksen mann, komme inn i mor sin mage og bli født om igjen? Jo, seier Jesus, det er ikkje snakk om ein vanleg fødsel. Men å bli født av vatn og Ande.

Dåpen er starten på eit nytt liv saman med Gud. I dåpen får vi trua og Den heilage ande som gāve. Vi blir òg ein del av kyrkja, både lokalt og som ein del av Guds verdsvide kristne kyrkje.

Dei som blir døypte blir teikna med eit korsmerke, som bevis på at dei høyrer Jesus til. Dette merket er det ingen andre som kan sjå, utanom Gud.

 Kva trur du?

Kven har fortalt deg om Gud, Jesus, kyrkja, bønn, dåp eller nattverd?

Kjenner du nokon som ber for deg?

# Min dåp

Eg blei døypt i \_\_\_\_\_ kyrkje,  
\_\_\_\_\_ (dato)

Fadrane mine heiter:



## Fylt av glede

Fylt av glede over livets under,  
med et nyfødt barn i våre hender,  
kommer vi til deg som gav oss livet  
kommer vi til deg som gav oss livet

Fylt av beven foran ukjent fremtid  
legger vi vårt barn i dine hender.  
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.  
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.

Fylt av undring er vi i din nærhet!  
Du som bærer verdensrommets dybder,  
venter på de små og tar imot oss.  
venter på de små og tar imot oss.

Ved ditt verk, ved kjærlighetens vilje,  
er vi født på ny til liv i Kristus,  
til et åpent liv i tro og tillit.  
til et åpent liv i tro og tillit.

Og ved tidens grense lever fortsatt  
dine løftes-ord ved døpefonten,  
dåpens lys forblir når livet slukner.  
dåpens lys forblir når livet slukner.

Større rikdom enn hva ord kan romme,  
har du gitt oss gjennom dåpens gave.  
Herre, la vår tro bli fylt av glede!  
Herre, la vår tro bli fylt av glede!

# Urettferdig!

Det er så lett å først og fremst tenke på seg sjølv og alt det du sjølv vil ha og gjøre. Jesus utfordrar oss til å bry oss like mykje om menneske rundt oss.

Som du vil at andre skal gjøre mot deg, slik skal du gjøre mot dei, sa Jesus. Men han drog det endå lenger. Han utfordra folk til å elske fiendane sine, gjøre godt mot dei som hata dei og velsigna dei som forbanna dei. Litt av ei utfordring! Ville du klart å leve sånn? Og kva hadde skjedd om alle i verda hadde klart å følgje dette?




## Kva trur du?

Syns du verda er mest god eller mest vond?

Viss du kunne forandre ein ting i verda,  
kva ville du ha endra?

Vi veit ofte kva som er rett å gjøre. Kvifor vel vi likevel nokre gonger å gjøre det vi veit er gale?





## Herre, gjer meg til eit redskap for freden din!

Lat meg bringe kjærleik,  
der hatet rår.  
Lat meg bringe tilgjeving,  
der urett er gjort.  
Lat meg bringe tru,  
der tvilen rår.  
Lat meg bringe sanning,  
der villfaring rår.  
Lat meg bringe lys,  
der mørkret rugar.  
Lat meg bringe glede,  
der sorg og tyngsler tyngjer!

Å, Meister  
Lat meg prøve  
ikkje så mykje å bli trøysta,  
som å trøyste.  
Ikkje så mykje å bli forstått,  
som å forstå.  
Ikkje så mykje å bli elска,  
som å elske!

For det er ved å gje at ein får.  
Det er ved å gløyme seg sjølv  
at ein finn seg sjølv.  
Det er ved å tilgi andre  
at ein sjølv får tilgjeving!  
Og det er ved å døy  
at ein står opp  
til det evige liv!

Frans av Assisi

# Dei ti boda

Det er lett å tenke at lovar og reglar berre finst for å stoppe alt som er gøy. Men grensene er der både for at vi skal vere trygge, og for at vi skal leve godt saman.

For utan reglar blir det kaos! Tenk deg berre korleis trafikken ville sett ut utan trafikkreglar eller ein fotballkamp utan reglar.

Dei 10 boda er Guds gode grenser for menneska. Dei tre første boda handlar om vårt forhold til Gud, mens dei sju siste handlar om forholdet mellom oss menneske og korleis vi kan leve godt saman.

Men sjølv om vi vil, så vil vi aldri klare å leve perfekte liv. Då er det godt å vite at Jesus alltid tilgir oss når vi bommar på målet. Han vil alltid hjelpe deg opp igjen, og vidare på vegen.



**1**

Du skal ikkje ha andre gudar enn meg.

**6**

Du skal ikkje bryte ekteskapet.

**2**

Du skal ikkje misbruке Guds namn.

**7**

Du skal ikkje stele.

**3**

Du skal halde kviledagen heilag.

**8**

Du skal ikkje tale usant om nesten din.

**4**

Du skal ære far din og mor di.

**9**

Du skal ikkje trå etter eigedomen til nesten din.

**5**

Du skal ikkje slå i hel.

**10**

Du skal ikkje trå etter ektefellen til nesten din,  
eller arbeidsfolket hans eller andre som høyrer  
til hos han.



## Kva trur du?

**1. bod**

Korleis blir livet viss pengane er det viktigaste, og du alltid berre prøver å få meir?

**2. bod**

Har du nokon gong opplevd at folk brukar Gud for å få makt over andre?

**3. bod**

Korleis føles det viss alt er berre stress og du aldri får tid til å slappe av?

**4. bod**

Kva for gode vanar eller gode måtar å gjere ting på har du lært frå foreldre eller besteforeldre?

**5. bod**

På kva måtar skadar vi menneske kvarandre?

**6. bod**

Kva trur du kan øydelegge eit vennskap eller kjærasteforhold?

**7. bod**

Kva er det mest verdifulle du kan ta frå ein person?

**8. bod**

Kva skjer med eit vennskap viss du ikkje er ærleg?

**9. bod**

Har du nokon gong vore misunneleg eller opplevd at andre misunte deg?

**10. bod**

Kva kan misunning gjere med eit vennskap?

# La oss vandre i lyset

La oss vandre i lyset liksom Han er lys, vandre i Guds lys (2x)  
vandre i Guds lys (3x)  
vandre i Guds kjærlighets lys.

La oss elske hverandre liksom Han har elsket oss, vandre i Guds lys (2x)  
vandre i Guds lys (3x)  
vandre i Guds kjærlighets lys.

La oss tilgi hverandre liksom Han har tilgitt oss, vandre i Guds lys (2x)  
vandre i Guds lys (3x)  
vandre i Guds kjærlighets lys.

La oss be for hverandre liksom Jesus ber for oss, vandre i Guds lys (2x)  
vandre i Guds lys (3x)  
vandre i Guds kjærlighets lys.





Men éin ting legg  
eg meg på hjartet,  
og dette gir meg håp:  
Herren er nådig,  
vi går ikkje til grunne.  
Hans miskunn  
tek ikkje slutt,  
ho er ny kvar morgon.

Klag 3, 21-23

# I møte med livet

Livet ditt er det berre du som kan leve. Det inneholder både oppturar og nedturar, gleder og sorger. Det er ikkje alltid livet går akkurat slik du ønsker det. Nokre gonger møter du tap som gjer at motbakkane kjennes heilt uoverkommelige.

Nokre tap er små og enkle å erstatte. Pengar, klede og ting som blir øydelagt eller mista. Sjølv eit hus som brenn ned, kan byggast opp igjen.

Men andre tap er store og uerstattelige: Ein familie som går i oppløysing eller forhold som tar slutt, viss du blir alvorleg sjuk eller når nokon du er glad i døyr.

"Tida lækjer alle sår", er eit kjent uttrykk. Men dette er ikkje alltid sant. Nokre tap gir djupe sår som aldri går heilt bort – du må lære deg å leve med det som er vondt.

Symbolet for håp er eit anker. Noko som held deg fast og gir deg tryggleik, sjølv når den verste stormen rasar. Det er viktig å finne ut kva som gir deg ankerfeste i livet, slik at du er rusta til å tåle dei vanskeleg dagane òg.

Eit ankerfeste kan vere familie, venner du kan stole på, ein aktivitet du er med på eller eit trygt fellesskap du er ein del av. Det er viktig å finne slike ankerfeste i livet, sjølv om du samtidig må hugse at menneske kan svikte.

Mange finn sitt ankerfeste i kyrkja; i trua på Gud og i Bibelen. Jesus har ikkje lova at livet alltid skal vere enkelt og smertefritt, men han har lova å vere med deg. Både på dei gode dagane og dei vonde dagane. Jesus er ikkje den som står utanfor og ser på det heile. Han er med, midt i det vanskelege. Du kan stole på at han alltid er trufast. I Bibelen står det: Jesus er i går og i dag den same, ja, til evig tid. (Hebr 13,8).

## ► Kva trur du?

Kva gir deg håp?

Korleis kan du gi andre håp?

# Salmane

ei bok med klage og håp

## ► Bibeloppgåve

Finn versa i Salmane, og sett strek til den bøna som står der.

Sal 139, 2-4

Høyr meg, Gud!

Sal 7, 2

Kor lenge, Gud?

Sal 5, 2-3

Du er med meg, Gud.

Sal 23, 4

Frels meg, Gud!

Sal 121, 1-2

Du kjenner meg, Gud.

Sal 13, 2-3

Mi hjelp kjem frå deg, Gud.

Kva for eit av desse versa passa best for deg i dag?

# Håpstango

Fordi han kom og var som morgenrøden  
og brøt Guds taushet og vår angst for døden,  
fordi han gjennom handlinger og taler  
har lukket porten opp til Himlens saler,  
fordi han var Guds sønn og en av våre  
og gikk omkring i gater og i gårder  
fordi han lot de siste bli de første  
og lot de blinde se og småfolk trøste,

Refreg:

så kan vi holde ut i vonde tider,  
så vet vi Gud er nær selv når vi lider,  
så kan vårt brutte håp mot solen stige,  
så kan vi se at kommet er Guds rike  
så kan vi holde ut i vonde tider,  
så vet vi Gud er nær selv når vi lider,  
så kan vårt brutte håp mot solen stige.  
Gud er hos oss.

Fordi han jaget kremmere fra templet  
og innbød dem de fromme hadde stemplet,  
fordi han lo når barna sang og danset  
og spredte liv som prester ikke sanset,  
fordi han tømte kalken uten klage  
og måtte gallen fra vår ondskap smoke,  
fordi han bar sitt kors og våre synder  
slik at hans død vårt nye liv forkynner,

Refreg

Fordi en morgen så han sprengte graven  
og dødens brodd ble brutt den dag i haven,  
fordi Guds budskap om ham ikke stanser,  
men bryter ut i sanger, ord og danser,  
fordi hans Ånd får hjertet til å smelte,  
og med et pust får murer til å velte,  
fordi hans Ånd får gamle til å drømme,  
gir unge syner om at liv kan strømme,

Refreg

# "Følg meg"

Konfirmåret går mot slutten. Du har fått  
bruke eit lite år av livet ditt på å bli betre kjent  
med trua, kyrkja, Bibelen og Gud. Snart skal du  
ha på kvit kappe, komme fram i kyrkja og bli bedt  
for og velsigna. Kva vil du gjere når konfirmant-  
året er over? Vil du henge trua inn i skapet saman  
med konfirmantkappa? Eller tar du den med deg  
ut i livet?

Heldigvis er trua meir enn berre tankar og følelsar  
du har på innsida. Det er ikkje berre ein fin teori –  
det er ein måte å leve på.

Når Jesus møtte disiplane sine sa han "Følg meg".  
Og dei følgde etter han, sjølv om dei ikkje visste kva  
som ville skje eller kor dei ville hamne.


Denne utfordringa går òg ut til deg: Følg Jesus. Ha  
han som forbilde. La han vise deg kor du skal gå.  
Det kan vere skummelt å kaste seg ut i det, men  
hugs at Jesus har lova å gå saman med deg alle  
dagar. Tør du å ta utfordringa?

## Kva trur du?

Kva vil du at skal vere det viktigaste i livet ditt?

Kva betyr trua for deg?

Kven er dine forbilde?



# Kallet

Det er navnet ditt jeg roper, vil du følge meg?  
Vil du trå i mine fotspor på en ukjent vei?  
Vil du kjennes ved mitt navn, vil du møte sorg og savn,  
vil du hvile i min favn og la meg bli hos deg?

Vil du ta det første skrittet, vil du følge meg?  
Vil du gå til mine minste på en ukjent vei?  
Vil du tåle onde blikk, stå igjen når noen gikk?  
Du skal gi dem alt du fikk, for jeg vil bli hos deg.

Vil du åpne blindes øyne, vil du følge meg,  
se at fanger får sin frihet på en ukjent vei?  
Vil du stelle andres sår i det skjulte, år for år,  
kjenne gleden som du får når jeg vil bli hos deg?

Vil du trosse angst og uro, vil du følge meg,  
ta imot deg selv med nåde på en ukjent vei,  
la de ord som jeg har sagt, folde ut sin skapermakt  
tross din tvil og selvforakt? For jeg vil bli hos deg.

Når du kaller, må jeg lytte. Jeg vil følge deg!  
Jeg vil vende om og vandre på en ukjent vei.  
Dit du går, vil jeg gå med, Herre, la din vilje skje,  
for jeg vet at jeg skal se mitt liv fullendt i deg.



## Kjære konfirmantar

Til den kristne trua er de døypte.  
I den kristne trua er de opplært.  
Kom nå fram for Herrens altar,  
så vi kan be for og velsigna  
kvar enkelt av dykk i Jesu namn.



# TimeOut

Eg trur på Gud Fader, den allmektige  
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,  
Guds einborne son, vår Herre,  
som vart avla ved Den heilage ande,  
fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagt,  
fór ned til dødsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dagen,  
fór opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,  
skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,  
ei heilag, allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage,  
forlating for syndene,  
oppstoda av lekamen  
og evig liv.  
Amen.



## Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på jorda  
slik som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld,  
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.  
Og lat oss ikkje koma i freistung,  
men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt  
og makta og æra i all æve.  
Amen.

